

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2025/2026

Innleiing

På årsmøtet i mars 2024 vart det litt endringar i styret, mellom anna vart styret utvida til 8 medlemmer, inkludert varamedlemmer. Nokre endringar vart det også på årsmøtet i 2025.

Styret er no samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Wenche Mari Helle, Arild Skjelbred, Stian Hernes Rasdal og Vegard Veka Rasdal

Varamedlemmer : Lise Grahl-Madsen og Victor Larsen.

Av styret står Terje på val (leiar), Wenche Mari og Vegard står på val (styremedlemmer) og Victor står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal. Jan Olav står på val.
Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd

Dette året har det vorte halde fire styremøte i grendalaget. I tillegg har styret hatt ein del kommunikasjon digitalt. Det første styremøtet hadde me 17.april, det andre møtet vart halde 6.juni, det tredje 20.juni (arbeidsmøte, vegsaka 2025) og det fjerde 10.oktober. Og ikkje minst hadde me eit protestmøte 25.juli for å visa vår motstand mot privatisering av Rasdalsvegen.

I påska hadde me årsmøte som vanleg på Skjærtorsdag, og også eit styremøte i forkant. Der gjekk me gjennom årsmeldinga og hadde og ein gjennomgang av aktivitetane i grendalaget utover i året. Dette året hadde vinteren vore prega av lite snø, så dermed vart det ikkje mogeleg å arrangera det tradisjonelle påskerennet.

Tidspunktet for Påskebasaren hadde me i 2025 endra til kl.15. Det var litt færre folk enn vanleg, men dei som var der, kjøpte rikeleg med årer. Resultatet vart såleis imponerande, heile 21858,25 kr fekk me inn ! Takk til alle dei som har støtta opp om om grendalaget på denne måten - gjennom så mange år !

Årsmeldinga som, med eventuelle endringar, vert etter årsmøtet lagt ut på Rasdalsida, www.rasdalen.no. Det må vera i grendalaget si interesse at aktivitet og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss.

Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til webmaster Arild. På vinterstid er det også greitt at folk rapporterer til webmaster om korleis føret oppover Rasdalsvegen er. Det kan vera nyttig for dei som då vil reisa opp i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med :

Privatisering av Rasdalsvegen

Dette var utan tvil den viktigaste saka for grendalaget dette året. Den 30.mai kom det oppslag i «Hordaland» om at Voss Herad ville vurdere å privatisera Rasdalsvegen. Sjølv om dette har vorte teke opp tidlegare, så kunne dette utspelet denne gongen sjå ut til å vera meir alvorleg. Det var Arild som tok jobben som koordinator, og me kom tidleg i gang med arbeidet for å unngå privatisering. Den 20.juni hadde me eit utvida styremøte i grendahuset, der arbeidet vidare vart bestemt og fordelt. Så vart det kalla inn til protestmøte fredag 25.juli, der eit høyringsbrev til heradet vart publisert. Dette var eit grundig og godt dokumentert skriv som Arild hadde ansvaret for, og der han også fekk innspel frå andre. På dette møtet møtte ca 50 personar, og det kom også ein journalist frå «Hordaland». Dermed kom det etterpå eit fyldig 2-siders oppslag i avisa.

Bolstadøyri grendalag engasjerte seg også, og Arild og Terje vart inviterte til styremøtet deira 9.september. Grendalaget der var også heilt klår på at Rasdalsvegen ikkje skal privatiserast. Dei og sende eit høyringsbrev til heradet.

Etter høyringsfristen 1.oktober var det ingenting å høyra frå heradet, sjølv etter to purringar. Dermed sende Arild eit brev til heradet med tydeleg innhald, som mellom anna tok tak i dette at heradet ikkje har gjort godt nok arbeid på førehand, og at dei ikkje har teke bryet med å svara på innspela våre.

Først 11.februar kom det svar frå heradet, der dei beklaga at me ikkje hadde fått svar tidlegare. Vidare stod det at administrasjonen er innstilt på å utsetja spørsmålet om privatisering av vegen.

Arild sende også eit privat brev til heradet, og hadde seinare kontakt med Vidar Herre, journalist i «Hordaland». Dette medførte då eit fyldig 2-siders oppslag 20.februar der overskrifta var : «Når fakta er feil, og innbyggjarane blir møtte med tausheit, då må politikarane gripa inn».

Så den 10.mars kom «Hordaland» med denne overskrifta : «Rådmannen set framlegget om å privatisera vegen frå Bolstadøyri og oppover til Rasdalen på vent».

Denne saka om privatisering var så oppe i Heradsstyret 26.mars.Der vart det vedteke at Rasdalsvegen førebels ikkje vert privatisert. Dette vil også verta teke opp på årsmøtet.

Dugnaden 07.06.2025

Denne gongen gjekk det meste av dugnadsarbeidet føre seg ved grendahuset. Hovudarbeidet var å pussa murane og også ein del av veggene, med tanke på at dette seinare lyt målast. Det vart også vaska og rydda i grendahuset – også det ein viktig jobb! Det var fem personar var og jobba denne dagen, og det er iallfall ikkje for mange. Litt seinare på sommaren vart også graset slått på skuleplassen. Både Jan og Vegard hadde maskinell som ordna opp.

Fellestur til Tyssen 27.07.2025

Dette vart ein svært vellukka tur i godt og tenleg ver! Me køyrde i privatbilar frå grendahuset, og nokre kom andre plassar ifrå. Der vegen svinga mot Tyssen, vart det betalt bompengar. Så køyrde me vidare fram til der vegen går nedover til Tyssen. Det køyrde også ein bil eller to heilt ned, slik at dei som syntest det vart tungt å gå, fekk skyss opp att. Arne Tyssen tok imot oss, og han hadde mykje å fortelja, og han fekk også mange spørsmål å svara på. Me fekk omvisning, og me fekk oss ein god matpause i eit flott landskap nede ved sjøen. Med store og små var me 17 personar på denne turen. Takk til Arne og hans fru som tok så godt imot oss. Ein minnerik tur !

Sommarfesten 26.07.2025

Me gjorde ei endring når det gjaldt tidspunktet for sommarfesten denne gongen, nemleg at me starta kl.14. Men som vanleg var det aktivitetar og konkurransar for store og små til å begynna med.

Etter dette trekte me inn for først å få oss mat, og då gjekk me tilbake til det å ha eit koldtbord. Det såg ut til å falla i smak.

Deretter hadde Berit ein Quiz, Terje fann fram gitaren til allsong, og så vart det sjølvstekt også åresal. Me var ikkje fullt så mange som vanleg, så det vart litt usikkerheit om prisen på årene. Men Frode og Terje kom såvidt ifrå det, og det kom inn heile 6473,32 kr. Takk til alle som gir gevinstar til åresalet, både til påskebasaren og til sommarfesten.

Økonomien til grendalaget

Økonomien har vore stabil gjennom mange år. Som det har vorte skriva i dei siste årsmeldingane, har me hatt god styring med økonomien. Saldo per 31.12.2025 var på 44975,61 kr. Etter den tid har det gått ut ca 25000 kr til faste utgifter. Utgifter til straum og forsikring er det som gjer størst innhogg i kapitalen vår. Påskebasaren er den største inntektskjelda vår, og det håpar me vil halda fram!

Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2026, dette er også ei inntekt som er viktig for grendalaget. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt.

NB ! Styret vil også presisera at når dei unge flyttar ut og etablerer seg, må dei sjølve betala medlemskap. Me oppmodar også alle som har tilhøyrighet til Rasdalen om å melda seg inn i grendalaget.

Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286, Vipps-nummeret er 530 195. Informasjon om dette ligg også på www.rasdalen.no og på Facebook.

Diverse

Det er viktig for oss i styret å halda grendahuset i god stand. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka dette huset til møte og ulike samkomer. Reint økonomisk er det viktig for grendalaget å få inn pengar på denne måten også.

Badet vert brukt, særleg då dusjen og toalettet.

Nøkkellåsen fungerer godt, hugs å endra koden, og å dra opp dekselet på låsen når du går

Me vil også i denne samanheng poengtera sterkt at skuleplassen ikkje skal brukast som ei bane for ulike køyretøy.

Veggar og mur på grendahuset er begynt å verta noko slite, så me tek sikte på å få «friska» det litt opp når det etter kvart vert varmare i veret.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Me legg bak oss eit arbeidsår med god aktivitet, der utspelet frå Voss herad om privatisering av Rasdalsvegen har vore det sentrale.

Styret prøver så godt det kan å vidare tilretteleggja aktivitet i dalen. Som vanleg vil me arrangera både dugnad, fellestur og sommarfest til sommaren. Nærmare informasjon om dette vert kunngjort snart.

Vinteren i år har ikkje vore så snørik, men det har vore ein del snø og ganske glatt Rasdalsveg tidlegare i vinter. Etter kvart har så snøen minka og delvis forsvunne, så det tradisjonelle påskerennet vert ikkje råd å arrangera dette året heller.

Som nemnt har dette året vore prega av «Privatiseringsspøkelset». Voss herad er i økonomiske vanskar, men dei kronene dei vil tena på å privatisera Rasdalsvegen, bør dei berre gløyma. Det har vore eit stort engasjement seg i denne saka, og mange har kome med innspel. Grendalaget har, slik som tidlegare, nådd fram med sakleg og grundig argumentering.

Avslutningsvis er det på sin plass å nemna at det er Arild som har vore «primus motor», og som har lagt ned mest arbeid når det gjeld denne viktige saka for Rasdalen. Det skal han ha mange takk for !

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 05.04.2026

